


No kan Fjelly-boka bestillast.

11.06.2017



Skiftstyret ved Kristian Bringedal overrekte den flotte boka til hyttestyret ved Anette Sund og Janne Yri på den store jubileumsfesten.

I samband med at ungdomslagshytta Fjelly i år er 100 år, vart det laga ei jubileumsbok. Saman med hyttestyret står eit skiftstyre, Hans Ordin Østebø og Kristian Bringedal, bak boka. Det er ei fin bok, med mange bilete frå dei 100 åra, som de kan lesa omtale av [HER](#).



[No kan vi bestilla jubileumsboka.](#)

Boka vart trykt i 5 prøveeksemplar slik at dei frammøtte kunne sjå produktet under den store jubileumsfesten ved Mannsvatnet 20.mai. No kan dei som ønskjer å kjøpa boka, bestilla ho. Det gjer ein ved å å kontakta hyttestyret v/Anette Sund.

Epost: [anesu@online.no](mailto:anesu@online.no)

Mobil: 952 26 429

Pris er 300,-kr, og betaling skjer til konto: 3460.07.50145 ved bestilling.

Hyttestyret har sett 15.august 2017 som frist for bestillingane.

Foto og nett: Thor Inge Døssland